

## Kva er gode argument?

Denne aktiviteten skal trene elevane i å finne argument, vurdere kvaliteten på argumenta og å bruke dei i munnlege diskusjonar.

Det kan vere ein fordel å bruke opplegget saman med *Korleis skape debatt i klasserommet* og *Streken*. [Sjå her](#)

### 1. Les ein tekst

Ha ei kort felles oppsummering i klassa etter at alle har lese.

Kva handlar teksten om? Kva slags synspunkt eller påstandar eignar seg for diskusjon?

Skriv eit utval av synspunkt/påstandar på tavla.

### 2. Kva er gode argument?

Del elevane inn i par.

Elevane skal ta utgangspunkt i eitt eller fleire av synspunkta/påstandane over og finne dei gode argumenta for og mot.

Be dei snakke saman i gruppa og deretter lage to lister: ei liste med argument for og ei liste med argument mot til kvart synspunkt.

Be og elevane diskutere kva slags argument dei synest er gode og grunngje kvifor.

Elevane skal deretter bruke desse argumenta. Først skal dei argumentere for, og så skal dei argumentere mot. Dette gjer dei etter tur: Den eine argumenterer, mens den andre berre høyrer på.

### Del 3: Byt standpunkt

Gå saman to og to (i grupper på fire).

I kvar av desse gruppene skal to og to debattere mot kvarandre. Den eine gruppa skal argumentere for, og den andre gruppa skal argumentere mot. Etter fem minutt skiftar gruppene på kven som skal argumentere for og mot.

Når gruppedebattane er ferdige kan dei vidareførast i heil klasse. *Streken* kan vere ein måte å få fram og synleggjere ulike meiningar på.